ALVER
KOMMUNE

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 28.03.2021 |
| Vår: 21/345 - 21/21424 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen for Lindås til uttale - gbnr 173/3 Rydland

**Tiltak:** Påbygg, ombygging og reparasjon av løe
**Byggjestad:** Gbnr: 173/3
**Tiltakshavar:** Inge Hermann Rydland

Saka gjeld søknad om ombygging/påbygging og reparasjon av løe på gbnr 173/3. Omsøkte påbygg medfører at mønehøgda vert heva 140 cm. Bygd areal vert endra.

**Situasjonsplan**




**Fasade sør før og etter**



**Nabovarsel**
Tiltaket er nabovarsla. Vestland fylkeskommune har i brev datert 20.03.2021 kome med merknad til saka. Dei opplyser om at fylkeskommunen har ulike roller som vegstyresmakt både i forhold til å behandla søknadar og gje uttalar innanfor deira myndigheitsområde. Dei skriv vidare at vesentleg fornying og oppattbygging av bygning krev løyve etter veglova § 35.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

**Planstatus**
Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås sin arealdel (planid 1263-201805) er definert som LNF-føremål med omsynssone landbruk H510_oL30. Den Trondhjemske postvegen går like nordaust for tiltaket, men berører ikkje omsynssona H570_oK18 rundt kulturminnet direkte.

**Utsnitt frå plankart og ortofoto**




**VURDERING**
Tiltakshavar er ikkje busett på eigedomen, men driftar skog. Naboar slår og haustar delar av marka (17 daa). Det vert vurdert at tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen og byggegrensa mot fylkesveg.

Kommunen si førebelse vurdering er at vi er positiv til søknaden. Endeleg vurdering vert gjort når regionale styresmakter har gitt uttale.

**Den Trondhjemske postveg**
Omsynssona rundt den Trondhjemske postveg ligg inne på eigedomen 173/3. Søknaden vert oversend fylkeskommunen for uttale i samsvar med føresegn 4.2.4 i kommunedelplanen for Lindås.

**Veglova**
Tiltaket ligg innanfor byggegrensa langs fylkesveg 5472 Seimstranda. Minste avstand til fylkesveg er oppgitt til 6,3 meter og vil ikkje verta endra som følgje av tiltaket.

Tiltaket krev at det vert gitt dispensasjon frå byggegrensa. Tiltakshavar har opplyst at han vil senda eigen søknad om dispensasjon frå veglova direkte til fylkeskommunen. Kommunen er ikkje kjend med om søknad er send per dato.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Anne Lise Molvik |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad s 1
Søknad s 2
Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF - gbnr 173/3 Rydland
Tiltak på kart 173 3
11 - Situasjonsplan
5 - Plan
3 - Løe fasade sør
1 - Løe fasade vest
2 - Løe fasade nord.jpeg
Plantegning grunnlan 12
Plantegning kjørebynivå 13
10 - Snitt A-A
6 - ny fasade vest
7 - ny fasade nord
9 - ny fasade sør
Rydland fasade øst nr 8

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Inge Hermann Rydland | Knapstadveien 18 | 1823 | KNAPSTAD |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune ved kulturavdelinga | | | |
| Alver kommune ved landbruksavdelinga | | | |
| Statsforvaltaren i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |